



Trond Stavnes
Sandslimarka 169
5254 SANDSLI

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13239 - 20/46371

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:
16.07.2020

Tilbakemelding på søknad om løyve til oppføring av terrasse - gbnr 336/95 Ådland nordre

Vi viser til motteke søknad om løyve til oppføring av terrasse på gbnr 336/95 Ådland den 7.7.2020 og oppdatert situasjonskart og profildeikning den 15.7.2020.

Mindre frittliggende bygningar som vert oppført på bebygd eigedom, men som ikkje skal brukast til overnatting, er unntatt søknadsplikt, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-5. Det same gjeld for konstruksjonar, som til dømes ein terrasse, jf. pbl § 30-4.

Byggesaksforskrifta § 4-1 a) gjev rammene for kva som kan førast opp utan søknad:

a. Frittliggende bygning på bebygd eiendom som ikke skal brukes til beboelse, og som verken har et samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) på over 50 m². Mønehøyden skal ikke være over 4,0 m og gesimshøyde ikke over 3,0 m. Høyde måles i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Bygningen kan oppføres i én etasje og kan ikke underbygges med kjeller. Tiltaket kan plasseres inntil 1,0 m fra nabogrense og annen bygning på eiendommen. Bygningen må ikke plasseres over ledninger i grunnen.

Etter gjennomgang av søknaden og innsendte profildeikning, finn kommunen at det omsøkte tiltaket er innanfor rammene av kva som kan førast opp utan søknad.

På bakgrunn av dette finn vi ikkje grunnlag for å handsame søknaden din, men gjer deg merksam på at du må sende inn skjema om tiltaket og kart som viser plasseringa når tiltaket er ferdigstilt, slik at kommunen kan oppdatere kart- og matrikkeldata.

Med vennleg helsing

Alver kommune, plan og byggesak

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Marianne Aadland Sandvik
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trond Stavnes

Sandslimarka 169

5254

SANDSLI